



**Sogn og Fjordane
krets av NSF**



ALLTID BEREDT

Forslag til strategisk plan for Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

Leiarkvalitet

L.1 Kretsstyret skal ha ein plan for oppfølging av gruppene, og kvar gruppe har sin faste kontaktperson/rettleiar.

L.2 Kretsstyret har ansvar for å gjennomføre «Lederstart» i samarbeid med gruppene.

L.3 Gruppeleiarane organiserer leiarane i ein leiarpatrulje som samlast jamleg – både til planlegging og til sosiale aktivitetar.

L.4 Kretsen skal halde alle kursa i grunntreninga minst kvart 3. år og skal kontinuerleg utdanne nye leiartrenarar.

L.5 Alle som har vore leiarar i gruppene i minst tre år, bør ha starta på grunntreninga i NSF.

L.6 Kretsen skal oppmuntre gruppene til å delta på Leder- og roverløft.

Vekst

V.1 Kretsen hjelper gruppene til jamn vekst og informerer om «Inspiratorene». Alle gruppene skal ha ein plan for rekruttering, og leiarpatruljen diskuterer vekst jamleg.

V.2 Alle gruppene skal ha ein plan for å behalde dei eldste speidarane og for overgang mellom einingane.

V.3 Kretsen og gruppene skal drive aktivt roverarbeid.

V.4 Både kretsen og gruppene er synlege i media og i lokalsamfunna.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Krets- og gruppemiljø

M.1 Kretsen reiser jamleg på gruppebesøk og oppmodar gruppene til å besøkje kvarandre på turar og møte, og til å utveksle erfaringar og idear.

M.2 Kretsen tilbyr arrangement for alle einingane i løpet av året – også for leiarane. Spannande og inspirerande aktivitetar skal stå i fokus på alle arrangementa, og dei skal vere tufta på treningsprogrammet og speidarmetoden.

Samfunnsengasjement

S.1 Alle kretsarrangement bør ha aktivitetar som handlar om samfunnsengasjement, og gruppene har også jamleg slike aktivitetar.

S.2 Alle gruppene bør jamleg ha eitt eller fleire tiltak som er positive og synlege i lokalsamfunnet.

S.3 Kretsen og gruppene skal ha som mål at arrangement og aktivitetar er mest mogleg miljøvenlege.

S.4 Alle gruppene har mangfald og integrering i mente når dei rekrutterer.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no